

## Nye biletbøker på nynorsk

### Bøker med lite tekst



*Den krokete mannen* av Russell Punter og David Semple

*Den krokete mannen* er ei forteljing om ein krokemann i eit krokehus. Illustrasjonane er klare og fargerike, og heile forteljinga går på rim. Slik er denne enkle, vesle forteljinga fin å bruke som utgangspunkt for å snakke om rimord.




*Kvar er mamma mi?* av Chris Haughton

Denne boka handlar om eit av dei mest grunnleggjande spørsmåla vi har når vi er i barnehagealder: «Kvar er mamma?» Ein liten ugleunge fell ut av reiret og må få hjelp av andre dyr i skogen til å finne att mamma. Boka byggjer på eit gjentakande mønster og utnyttar spenninga som ligg i å bla om og sjå kva som er på neste side.




*Pom og Pim* av Lena og Olof Landström

Pom og kosedyret Pim tar seg ein tur ut og vert utsette for ei rekke små uhell. Dei snublar i ein stein, dei får vondt i magen av ein is, dei sprekkjer ein ballong. Alle uhella snur seg til hell. I starten er det flaks at sola skin, i slutten er det flaks at regnet høljar ned. Forteljinga er ein god samtalestartar, for det er gøy å prate om det merkelege i at noko som først var flaks, kan verte til uflaks, og omvendt.




*Sola og vinden* av Mairi Mackinnon og Francesca di Chiara

Boka er basert på ein fabel av Æsop, der sola og vinden kranglar om kven som er sterkast. Kven av dei klarer å få frakken av mannen? Boka eignar seg til høgtlesing og medlesing, men ho er også fin for barn som nettopp har lært seg å lese. Dei vakre illustrasjonane utfyller den enkle teksten, og forteljinga er eit fint utgangspunkt for filosofisk undring.



### *Tanntrøbbel* av Anna R. Folkestad

Tenner er eit emne barn kan relatere seg til, anten det er snakk om å miste eller å få tenner. I denne boka handlar det om ei tann som skal ut, men det er ikkje ei barnetann det er snakk om. Besta har vondt i tanna si, og barnebarnet Bo vil hjelpe henne med å få trekt tanna. Det fører til mange artige situasjonar.



### *Unni og Gunni gjer det fint* av Anna R. Folkestad

Bøkene (og appane) om dei to pingvinane Unni og Gunni kombinerer omgrepslæringa frå peikebøker med fjas, moro og historieforteljning, og resultatet er høgst sjarmerande, anten dei to skal måla, dra på tur med det flygande teppet sitt eller, som i denne tredje boka, gjere det fint i igloen sin.



### *Zara og dei* av Bjørn Sortland og Elisabeth Moseng

Vi veit ikkje så mykje om Zara og dei. Men Zara og dei blør visst forferdeleg mykje naseblod. Og Zara og dei stel visst både gryter og barn frå andre folk. Dessutan bur Zara og dei i campingvogn. *Zara og dei* er ei rar og morosam fantasiforteljning.



### *Dagen opp ned* av Martine Grande

Ein morgon vaknar flaggermusene Ida og Oda, sjølv om dei brukar å sove heile dagen og å vere vakne om natta. No om morgonen ser alt annleis ut! Det er ikkje mørkt, men lyst. Og det er ikkje stille slik som det brukar å vere. Dei går på leiting for å finne ut kven som lagar alle dei rare lydane. *Dagen opp ned* er ei fargerik og spenstig biletbokforteljning om å sjå verda med heilt nye auge.




## Bøker med middels tekstmengd



*Det nye, vesle mennesket* av Lauren Child

Forfattere av bøkene og barne-TV-serien om Charlie og Lola har kome med ei usminka og fin forteljing om det å få småsøsken. Boka handlar om Elmore Green, som er einbarn fram til «det nye, vesle mennesket» kjem. Det er ikkje berre enkelt. Det tek nemleg tid å venje seg til ein ny familiemedlem! I barnehage- og småskulealder er det mange som er i same situasjon som Elmer, og denne boka er fin både for små- og storesøsken.




*Hokus Pokus 1-2-3* av Sissel Horndal

Hokus Pokus 1-2-3 passar til høgtlesing når barna skal lære seg å telje. Historia handlar om ei heks, og vi er med rundt i huset til hekka og skaffar oss oversyn over kor mange det finst av ulike vesen og ting. Vi startar med *ei* heks, og ender med *tjue* stjerner som heng ned frå taket. Det er mykje rart å sjå på, og mykje rart vi får høyre om, og alt er på rim. Boka inviterer til samtale og undring. Går det an å oppbevare gode draumar på glas, for eksempel?



*Kakerlakken med den stygge frakken* av Martine Grande

Kakerlakken slit med mobbing og haustdepresjonar og vil helst berre forsvinne. Men plutselig kjem det nokon flygande som kjem til å gjere livet ljosare for henne. Forteljinga om Kakerlakken er eit fint utgangspunkt for å snakke om kjensler, og ho finst både som animasjonsfilm, barnebok-app og bok.



*Konrad Kråkebolle og andre fjærefantar* av Lisbeth Dreyer og Per Ragnar Møkleby

Skal du på fjøretur i sommar? Visste du at du der kan møte Bella Blåskjel og Konrad Kråkebolle? I boka møter vi ulike små dyr og skapningar som vi kan finne under steinar i fjøra, i vasskanten eller ute i sjøen. Tekstane om dei små fjærefantane er i diktform, og saman med leikne illustrasjonar innbyr dei til utforsking både av teksten og av fjærefantane i sjøkanten.



### *Mari og Magnus hos bestemor* av Ruth Lillegraven

Ei koseleg forteljing om første gongen Mari og Magnus skal overnatte heimafrå. Det er både skummelt og fint, men heldigvis er det bestemor og hunden dei skal overnatte hos! *Mari og Magnus hos bestemor* inneheld alt eit vellykka bestemorbesøk skal ha: aking, bollebaking og trygge, gode bestemor når kvelden kjem med heimlengt. Dette er fjerde boka i serien om søskena Mari og Magnus. Bøkene er kvardagsforteljingar som det er lett for barn å kjenne seg igjen i.



### *Når mamma blir eit monster* av Marcus Sauermaann og Uwe Heidschötter

Når mamma vert monster forandrar mykje seg. Ein vinn oftare i fotball og får meir godteri, men ein må av og til også trøyste eit trist monster og seie at alt er bra. Boka er ei varm skildring av korleis eit samlivsbrot kan opplevast både for foreldre og barn. Historia er fin som utgangspunkt for samtale mellom ein vaksen og eit barn dersom mor og far nettopp har flytta frå kvarandre.



### *Olava og bestefar* av Marit Heier Lajord og Line Halsnes

*Olava og bestefar* er ei varm skildring av venskap mellom bestefar og barnebarn. Vi får fylgje Olava gjennom det å ha ein frisk kompisbestefar som vert sjuk og døy, og inn i gravferda til bestefar. Gravferdsritualet vert skildra sett frå Olava sin synsstad. Denne boka opnar for å snakke om gravferder og inviterer barna til å undre seg og spørje.



### *Monsterbråk* av Áslaug Jónsdóttir, Kalle Güettler og Rakel Helmsdal

Denne biletboka er den femte i ein serie bøker om dei to sjarmtrolla Storemonster og Veslemonster. Denne gongen handlar det om krangling, slåsting, å få dårleg samvit og til slutt å verte vener att, hendingar mange barn kan kjenne seg att i. Alt er skildra med nydelege illustrasjonar og ein klår og tydeleg forteljarstil.

## Bøker med mykje tekst




*Bokstavsommaren* av Erna Osland og Inger Lise Belsvik

Er det mogleg å fiske eit alfabet opp frå havet? Zara held vakt medan storebror Styrk snorklar, og som løn hentar han kvar dag opp ein ny skatt til henne. Ho får mellom anna ein eremittkreps, eit o-skjel og ei ålekvabbe – og bokstavane deira. Bokstavsommaren er ei flott forteljing å nytte til å arbeide med bokstavkjennskap. Boka ligg ute til gratis bruk på nettsidene til Lesesenteret og Nynorsksenteret.


[www.nynorsksenteret.no/bokstavsommaren](http://www.nynorsksenteret.no/bokstavsommaren)

[lesesenteret.uis.no/leseopplaering/lesing-i-barnehagen/bokstavsommaren/](http://lesesenteret.uis.no/leseopplaering/lesing-i-barnehagen/bokstavsommaren/)



*Eg og Pontus går i land* av Odd Nordstoga og Rune Markhus

Dei to trubadurane frå første «Eg og Pontus»-boka går i land i ein by der ingenting er på stell, og der ingen er interesserte i musikken deira. Kaptein Snusk tener godt på at folk er handlingslamme og byen forfell, men heldigvis dukkar det opp ei lita jente som kan vekkje folk med songen sin. Forteljinga er på rim, og i app-versjonen syng Nordstoga teksten.



*Smokkefeen Tutta* av An-Magritt Lindtner og Jens Kristensen

Smokkefeen Tutta er veninna til tannfeen. Ho er ein ekstra lang og tynn fe som likar smokkar. Smokkefeen er også god til å finne nye bruksområde til smokkane sine, for i det kjempestore slottet hennar er alt bortsett frå golva laga av smokkar. Denne boka kan brukast som underhaldning, eller ha nytteverdi som trøystebok. Ho har delikate, pastellfarga illustrasjonar som harmonerer med teksten.



*Snøhumla Mille* av Janne Marit Øye og Anne Angelshaug

Humla Mille elsker sommaren når ho kan flyge over enga som er full av fargar og blomstrar. Etter kvart kjem hausten, og vinden bles gjennom den vesle humlekroppen. Heldigvis møter ho den venlege edderkoppen Spindella som hjelper henne på ein uventa måte. Boka har mykje tekst og illustrasjonane er detaljrike. Ho eignar seg særleg godt om hausten og vinteren.





*Under ein stein* av Erna Osland og Inger Lise Belsvik

Mange dyr likar seg der det er mørkt og vått, og derfor gøymmer dei seg under steinar. Her ligg dei stille og trur at ingen veit om dei heilt til nokon løftar på ein stein og ser dei. Kvart kapittel i denne boka handlar om eitt av dei mange virvellause småkrypa som finst, mellom anna skrukke troll, tusenbein og skolopender. Teksten er i forteljarform med faktasetningar i margen. Denne fagboka er perfekt å ta med i sekken når barna skal på skogstur og nokon løftar opp eit lite kryp og spør: «Kva er dette?»